

Bygdeutvikling

Adresseliste

Dykkar ref.

Vår ref.
09/1689-67 11/4063
Rune Roalkvam

Arkivkode:
L12

Dato:
24.03.2011

REGULERINGSPLAN MOSVATNET-/GULLINGENOMRÅDET - SAMLA PLAN. VEDK. KLAGEBEHANDLING

Suldal kommune vedtok reguleringsplan for Mosvatnet/Gullingen-området 18.05.2010. Vedtaket vart påklaga, og klagen vart handsama av LMT-utvalet 26.08.2010. Det vart gjort to endringar (fjerning av eitt hyttepunkt, flytting av eit anna) som kom klagarane i møte, dei øvrige klagen vart avviste og oversendt Fylkesmannen i Rogaland for endeleg vedtak.

Saka er vidare sendt til Fylkesmannen i Vest-Agder som settefylkesmann. Dei har ved brev av 14.03.11 returnert saka til Suldal kommune ettersom partane i saka ikkje vart underretta om vedtaket LMT-utvalet gjorde ved klagehandsaminga.

Me vil difor med dette underretta dei involverte partane om dei endringane som vart gjort i planen ved klagehandsaminga. Det er følgjande:

1. Ny hytte nr 11 blir flytta noko nordover, som vist på kart datert 13.08.2010.
2. Ny hytte nr 26 utgår frå planen.

Vedtaket om desse endringane kan påklagast. Klage kan sendast Suldal kommune, 4230 Sand, innan 3 veker etter at dette brevet er motteke.

Dersom vedtaket blir påklaga, vil LMT-utvalet ta stilling til klagen. Dersom vedtaket ikkje blir påklaga, vil Fylkesmannen i Vest-Agder gjenoppta behandlinga av dei klagen som vart avviste av LMT-utvalet 26.08.10.

Dette brevet vert sendt dei dei som klaga på planvedtaket, og til Gullingen Utviklingselskap as som blir berørt av endringane.

Me gjer merksam at det ikkje er høve til å klaga på vedtaket om ikkje å ta dei andre klagen til følgje, det er berre vedtaket som nemnt under punkt 1-2 ovanfor dette brevet gjeld.

Spørsmål kan rettast til sakshandsamar Rune Roalkvam, tlf 52792200, mail rune.roalkvam@suldal.kommune.no

Fylkesmannen i Vest-Agder tek i sitt brev opp tilhøvet til naturmangfaldlova. Kommunen vil kommentera at naturfaglege tilhøve var eitt av mange tema i konsekvensanalysen som vart gjort. I sjølve sakshandsaminga var dette tema lite framme, ettersom det i

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse
Garaneset

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.
52 79 24 64

Telefaks
52 70 24 05
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
Org. nr.

området ikkje er førekomstar av raudlisteartar eller andre viktige førekomstar. Hekking av lirype i Nyastølsområdet vart i tidleg fase av sakshandsaminga vurdert til å ikkje å vera tungtvegande i høve til hyttebygging. Mosvatn-området er det viktigaste satsingsområdet for hyttebygging og reiseliv i Suldal. Ved å konsentrera utbygginga til dette felt har ein spart store område for friluftsliv og naturvern. På bakgrunn av dette reknar kommunen med at tilhøvet til naturmangfaldlova er avklara.

Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Rune Roalkvam
plan- og miljøkonsulent

Vedlegg:

1. Møtebok for klagebehandling LMT-utvalet 26.08.2010
2. Kart som syner endringane ved klagebehandling
3. Brev frå Fylkesmannen i Vest-Agder av 14.03.2011